

Fiske i Tokkeå og Bandakdeltaet sone 1.

1. Alle over 16 år må betale fiskekort og fylgje dei gjeldane reglane.
2. Fiske kan starte **1. april** og skal opphøye seinast **20. september**.
3. Det er kun tillete med stongfiske, 1 aktiv stong pr. person.
4. Fjern eller klem inn mothakane på kroken eller bruk mothakelause krokar.
5. Naturleg agn er ikkje tillete i sone1.
6. Aure mellom **30 – 50 cm** skal setjast ut att på ein mest mogleg skånsam måte for fisken. Fisken målast frå snute til ytterste haleflik.
7. Fiskekortet er personleg og skal vere med på fisketuren og visast fiskeoppsynet ved forespørsel..
8. Utstyr som er bruка i andre vassdrag skal reingjerast før bruk.
9. Fiske frå båt er ikkje tillete i Tokkeåi.
10. Forsøpling langs eller i vassdraget kan medføre at fiskekortet vil bli inndratt.

Fiske i Bandak sone 2: Frå grense sone 1 (Bandakdeltaet) til grense mellom Tokke og Kviteseid kommunar. Tillete fisketid heile året. Fiske med stong og oter i sone 2, er tillete. Det er ei avgrensing med 1 stong pr. person og 4 stenger pr. båt. Ingen fangstrestriksjonar i sone 2. Markfiske er tillete. Alle over 16 år må betale fiskekort og fylgje dei gjeldane reglane. Fiskekortet er personleg og skal vere med på fisketuren og visast fiskeoppsynet ved forespørsel. Utstyr som er bruка i andre vassdrag skal reingjerast før bruk. Forsøpling langs eller i vassdraget kan medføre at fiskekortet vil bli inndratt. Fiskeoppsynet ved Bandak Fiskelag kan gjere unntak for fiskereglane for prøvefiske eller innsamling av settefisk, rogn, settefisk og tynningsfiske av sik. Fiskeoppsynet kan og stoppe fisket av ulike grunnar hvis det viser seg å vere nødvendig. Brot på fiskereglane er straffbart. Fiskereglane er spesielt utforma for å bevare og styrke den unike storaurestamma i Bandak. Fisk frå **30 til 50 cm** er fisk som rekruterar storaurestamma. Det er difor særskilt viktig at det ikkje blir tatt ut/avliva fisk i dette størrelsesintervallet i sone 1.

Me håpar at fiskerar respekterar fiskereglane som er til det beste for framtidig sportsfiske og den unike storaurestamma i Bandak/Tokkeåi.

Ved spørsmål ring: 41273006

Velkommen til Tokkåi og Bandak.

Bandak Fiskelag